

Jamm og god rekruttering til skulemusikken.

09.04.2015



Skulemusikken sin dyktige dirigent, Tor S. Olsen, ser fram til å få fleire ivrige musikarar.

Då Uskedal skulemusikk arrangerte prøveblåsing for komande aspirantar tirsdag, var det 5 barn som møtte og fekk sitt første møte med korpsinstrument. No håpar styret i korpset at dei søker opptak på aspirantopplæring i kulturskulen kommande skuleår. Inneverande år er det 7 aspirantar så rekrutteringa er for tida jamm og god.

På tirsdag fekk dei prøva ulike instrument med god rettleiding av instruktør Julie Skeie Olsen. Dei 5 viste stor entusiasme då dei fekk prøva å blåsa i instrumenta, og dei fekk det til å ljoma skikkeleg i skulen. Etterpå fekk dei servert saft og kjeks medan foreldra fekk informasjon om korleis det er å vera aspirant. Før dei gjekk heim, fekk dei ein eksklusiv konsert med skulemusikken, og no håpar verkeleg styret at dei har lyst til å verta aspirant. Sjølv sagt kan ein søkja om ein ikkje var på samlinga også. Informasjon og søknadsskjema er å finna på [kulturskulen si heimeside](#). og søknadsfristen er 15.april.

Det er Linas Dakinevicius som er lærar for aspirantane dette året. Han er også dirigent for Rosendal skulekorps. Han er ein svært dyktig messinglærar og er opprinnelig frå Litauen, men etter nokre år i Norge og studiar i Sverige, beherskar han det norske språket svært godt. Då eg snakka med han før timane torsdag, gav han uttrykk for at han syntest elevane han har her i Kvinnherad er svært flinke; - nokre er svært talentfulle.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.